

Større investeringstiltak ved sjukehusa i Volda og Ålesund

Saksnr	Utvalsnamn	Møtedato
37/20	Styret for Helse Møre og Romsdal HF	13.05.2020

Saksbehandlar: Mona Aagaard-Nilsen

Arkivreferanse: 2020/74

Forslag til vedtak:

Styret i Helse Møre og Romsdal HF tar administrerande direktør si orientering om større investeringstiltak ved sjukehusa i Volda og Ålesund til vitande.

Styret gir administrerande direktør fullmakt til førebu følgjande prioriterte investeringstiltak fram mot endeleg investeringsgodkjenning;

1. Ny straumforsyning Ålesund sjukehus
2. Renovering og ombygging Habiliteringsbygget Ålesund
3. Meir funksjonelt areal til poliklinikkar og dagbehandling Volda

Ålesund, 6. mai 2020

Øyvind Bakke
adm. direktør

Vedlegg:

- 1 Omgrep - fra finansiell usikkerhetsstyring

Saksutgreiing:

Føremål med styresaka

Administrerande direktør ønsker med denne saka at styret skal vere orientert om status for dei ulike investeringstiltaka samt ta stilling til prioritieringsrekjkjefølgja i arbeidet med å realisere kortsiktige tiltak innanfor tilgjengelege ressursar ved sjukehusa i Volda og Ålesund.

Bakgrunn

Viser til tidlegare saker behandla av styret for HMR;

- Bygningsmessig utviklingsplan for HMR eks. SNR – revisjon, sak 67/2019
- Revisjon – Bygningsmessig utviklingsplan for HMR unrateke SNR, sak i møte 13.05.2020

I samband med godkjend lånefinansiering for SNR, blei det som kjend løyvd lånemidlar til bygningsmessig utviklingsplan (2019 MNOK målt i 2020-kroner). Da bygningsmessig utviklingsplan for HMR unrateke SNR blei godkjent av styret i februar 2018, var det også utarbeidet svært grove kostnadskalkyler som ein meinte skulle finansiere ny straumforsyning ved Ålesund sjukehus, akuttmottak m/observasjonssenger i Volda, akuttmottak og korttidspost ved Ålesund sjukehus og ny operasjonsfløy ved Ålesund sjukehus. Det har i ettertid vist seg at forventa kostnadar knytt til dei ulike byggprosjekta vil bli langt høgare enn det som er lagt til grunn ved plangodkjenning i 2018.

Sjølv om omfang og finansiering av tiltak etter revidert bygningsmessig utviklingsplan ved Ålesund sjukehus ikkje er på plass p.t., er det viktig å få realisert andre tiltak innanfor allereie tilgjengeleg likviditet. Det står igjen om lag 204 MNOK og adm.dir. ønsker å prioritere følgjande prosjekt innanfor tilgjengeleg finansieringsramme;

- **Ny straumforsyning Ålesund sjukehus**

Det har vore arbeidd med utgreiing knytt til ny straumforsyning ved Ålesund sjukehus over fleire år. Prosjektet er svært komplisert og omfattande og krev god planlegging og prosjektstyring, både i høve til kompleksiteten i prosjektet og i høve til at normal drift skal oppretthaldast i prosjektperioden. Straumforsyninga ved sjukehuset er i hovudsak frå da bygget var nytt i 1971. Det meste av anlegget er teknisk forelda og må skiftast ut. Eksisterande elkraftaggregata («naudstraumsaggregata») har for liten kapasitet til å dekkje heile bygget, ikkje minst for å forsyne det medisintekniske utstyret med 400 V. Det er under vurdering om prosjektet også skal omfatte infrastruktur knytt til IKT, men her er forprosjektet ikkje kome i gang. Førebelse vurderingar tilseier at dette er fornuftig å gjennomføre parallelt, men ei slik løysning kan forsinke straumforsyningsprosjektet med nokre veker.

Forprosjektet for straumforsyninga er tenkt ferdigstilt medio mai. Vi har da eit grunnlag for å gjennomføre ei økonomisk usikkerhetsanalyse for prosjektet i samsvar med gjeldande regelverk for store byggeprosjekt. Sykehusbygg HF har på oppdrag frå Helse Midt-Norge RHF gjennomført ein tredjepartskontroll av investeringa som understøtter behovet som er skissert.

Det er i framdriftsplanen lagt opp til at styret skal få ein sak om investeringsgodkjenning til møtet i juni inneverande år. Tiltaket vil ha eit omfang større enn 50 MNOK og skal etter gjeldande bygge- og eigedomsreglement i Helse Midt-Norge, også godkjennast av styret i HMN før igangsetjing. RHFet førebudende endeleg godkjenning i sitt styremøte medio juni basert på styrevedtak i HMR.

Anbodsdocument vil bli sendt ut i løpet av sommaren med tanke på oppstart oktober 2020. Forventa byggetid er i underkant av 2 år frå oppstart.

- **Renovering og ombygging Habiliteringsbygget i Ålesund**

Helseføretaket kjøpte den tidlegare Hjelpemiddelsentralen frå Statsbygg i 2019, jf. styresak 2018/57. Styret gav da også si tilslutning til at Åsebøen 11 skulle seljast for delvis å finansiere

kjøpet av Hjelpemiddelsentralen. Ved å samle habiliteringstenesta i Ålesund i dette bygget, vil vi kunne tilby betre og meir funksjonelle lokale både til pasientar og tilsette.

Det er lagt fram eit forslag til rehabilitering og ombygging av bygget der investeringskostnadane ligg godt over finansieringsbehovet som blei skissert for styret i desember 2018, på om lag 20 MNOK. Det blir no arbeidd med å redusere prosjektomfanget slik at rehabiliterings- og ombyggingskostnadane tilpassast tilgjengeleg finansiering. Dette arbeidet har allereie starta i god dialog med brukarane av bygget. Målet er å slutføre prosjekteringsarbeidet, under dette også utarbeide anbodsdokument, i løpet av sommaren. Styret vil få framlagt eigen sak om investeringsgodkjenning seinast i oktober 2020. Venta byggetid er omlag 10 månader og vi har som mål at habiliteringstenesta skal kunne flytte inn i bygget sommaren 2021.

Meir funksjonelt areal til poliklinikkar og dagbehandling Volda

I Volda er det utarbeidd eit forprosjekt for bygging av nytt akuttmottak og ombygging av eksisterande areal for å sikre betre pasientlogistikk og meir areal til poliklinikkverksemda og dagbehandling. Sistnemnde er det eigentlege behovet, og vi har derfor valt no valt å nytte ei anna nemning på prosjektet enn tidlegare. Kostnadskalkyla viser også her eit langt høgare nivå enn tilgjengeleg finansiering tilseier. For at prosjektet skal kunne gjennomførast innanfor tilgjengeleg likviditet, må kostnadane reduserast vesentleg. Forslaget som no ligg føre inneber altså eit tilbygg der akuttmottaket og delar av poliklinisk verksemd er tenkt plassert, samt ombygging av eksisterandane areal i 1. etasje. Vi må truleg tenkje heilt nytt i høve til behov og tilpassingar for å oppnå målet om betre pasientlogistikk og meir funksjonelt areal til poliklinikkar og dagbehandling.. Arbeidet har allereie starta i god dialog med lokal klinikkleiing. Det er ønskjeleg å gjennomføre prosjekteringsarbeid samt utarbeide anbodsdokument mv. snarast mogleg, men det er grunn til å tru at store delar av hausten 2020 kan gå med for å slutføre dette arbeidet. Styret vil få framlagt eigen sak om investeringsgodkjenning seinast innan 1. kvartal 2021.

Nemnde forprosjekt inneheld også forslag til tilpassingar ved dagkirurgien i 2. etasje. Desse endringane vil gi betre kapasitet, betre pasientlogistikk og betre arbeidsforhold ved dagkirurgien. For å kunne auke kapasiteten etter Coronapandemien, har adm.direktør godkjend gjennomføring av desse tiltaka innanfor tilgjengeleg likviditet med kostnadsramme på inntil 6,0 MNOK. Denne ombygginga er i startgropa, og har ei forventa byggetid på 2-3 månader. Situasjonen rundt Coronapandemien kan likevel gi nokre utfordringar både for gjennomføring av arbeida og for byggetida.

Medverknad

For å utarbeidet planar for *rehabilitering og ombygging Habiliteringsbygget Ålesund og meir funksjonelt areal til poliklinikkar og dagbehandling Volda*, har det vore etablert breitt samansette arbeidsgrupper for å sikre nødvendig medverknad frå leiarar, fagpersonell, tillitsvalte, vernetenesta, representant frå Brukarutvalet, arkitekt og andre rådgivarar.

I møte med føretakstillitsvalte i veke 18, blei saka presentert slik at FTV fekk høve til å gi innspel til saka før formell drøfting. Gruppa uttrykte frustrasjon over manglande framdrift og for dårlege kostnadskalkyler frå bygningsmessig utviklingsplan i 2018. FTV-gruppa ønskta meir presise tidsrammer for dei ulike prosjekta og noko forklaringar på faglege omgrep som er nytta. Sistnemnde er forsøkt imøtekome i vedlegg til saka. Føretakstillitsvalte gav si tilslutning til prioriteringane innanfor tilgjengelege rammer.

Administrerande direktør si vurdering

Dei tre ovannemnde bygningsmessige tiltaka er prioriterte i vedteken bygningsmessig utviklingsplan og heilt nødvendige for moderne og effektiv sjukehusdrift ved sjukehusa i Ålesund og Volda.

Adm.direktør ser det derfor som avgjerande at desse prosjekta no blir realisert snarast mogleg og innanfor tilgjengeleg låneramme - det står igjen 204 MNOK.

Ny straumforsyning til Ålesund sjukehus har høgaste prioritert når det gjeld disponering av tilgjengelege ressursar. Framdrift i prosjektet vil bli følgd tett for å sikre raskast mogleg realisering. Adm. direktør vil legge fram eiga styresak før ferien for å få nødvendig investeringsgodkjenning både i HMR og HMN.

Når det gjeld prosjekta om bygningsmessig tilpassing av habiliteringsbygget i Ålesund og meir funksjonelt areal til poliklinikkar og dagbehandling ved Volda sjukehus, så må begge desse prosjekta bearbeidast vidare for å sikre realisering innanfor tilgjengeleg likviditet. Adm.direktør vil legge fram eigne saker til styret også for desse prosjekta for nødvendig investeringsgodkjenning før iverksetjing.